



Statens vegvesen

Runa Aaland Eggum

Vår ref.:
26/2176-2

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Sofie Maria Bergström

Dato:
02.06.2026

Referat fra oppstartsmøtet

Oppstartsmøte er halde etter initiativ frå forslagsstillar			
Møtestad:	Teams	Møtedato:	07.05.2026
Deltakarar frå forslagsstillar:		Deltakarar frå kommunen:	
Forslagsstillar:	Runa Aaland Eggum	Sofie Maria Bergström Anniken Heggedal	
Statens vegvesen	Lars Inge Jakobsen		
Grunneigar/ tiltakshavar:	Statens vegvesen		
Plankonsulent:	Statens vegvesen		
Andre:			
Nasjonal planID:	464720260002	E39 Grungen bru	
Gbnr.	312/10		

Føremålet med møtet er å informere og drøfte planlagt innhald og vilkår i ny plan, og avgrensing av planområdet.

Oppstartsmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men skal ikkje avgjera viktige punkt som vert føresett opplyst om og utgreidd i vidare planprosess fram til endeleg politisk vedtak.

1. Faktadel/ Planføresetnader

1.1 Framlagt materiell

Følgjande dokumentasjon er innsendt frå forslagsstillar før møtet:

1.1.1 Dokumentasjon

- ☒ Tingingsskjema for oppstartmøte
- ☒ Kart som viser planavgrensing M 1:1000/1:5000
- ☒ Forslagsstillar si vurdering i høve KU-forskrifta

1.1.2 Dokumentasjon

- ☒ Oversiktskart
- ☒ Omtale av det planlagde prosjektet
- ☒ Omtale av aktuelle tema for drøfting
- ☒ Illustrasjonar eller liknande
- ☐ Anna, spesifiser

1.2 Omtale av planområdet

Føremål med planen/kort omtale av ønska tiltak:

Føremål med ny plan er å betre trafikksikkerheita og framkoma på E39, ved etablering av ny bru ved Grungen. Eksisterande bru har ikkje tilfredsstillande kvalitet på brurekkverket, vegkurvaturen er i dag relativ skarp, noko som gjer strekkinga utsett for ulykker. Planområdet har ein storleik på ca. 24 daa.

Eksisterande arealbruk: *planområdet ligg i kommuneplanens arealdel og er satt av til LNFR-område.*

1.3 Plansituasjonen/gjeldande planar i området

- Arealdel til kommuneplanen gjeld for området.
- Gjeldande reguleringsplan: ingen reguleringsplan over området.
- Ev. tilliggjande reguleringsplan: -
- Planen vil erstatta delar av følgjande planar: Kommuneplanen sin arealdel

1.4 Tilhøve til gjeldande planar

- ☐ Planarbeidet er i samsvar med gjeldande plangrunnlag
- ☒ Planarbeidet er i strid med gjeldande plangrunnlag på følgjande punkt.
- LNFR-område.

1.5 Pågåande planarbeid i nærleiken

- ☒ Det føregår ikkje planarbeid i området etter det kommunen kjenner til.
- ☐ Det føregår følgjande planarbeid i området: (planens namn og føremål)

1.6 Planprogram og konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om planprogram og konsekvensutgreiing?

- ☐ ja, jmf. §§: 6, 7 og 8 i forskrift om konsekvensutgreiing.
Grunngjeving: .
- ☒ nei

Dersom planen utløyser krav om planprogram og KU, skal forslag til planprogram og utgreiingsprogram liggje føre når det vert meldt oppstart av planarbeid. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med oppstartsmeldinga.

1.7 Kan kommunen rå til oppstart?

- ☒ Det kan meldast oppstart av planarbeid.
- ☐ Melding om oppstart av planarbeid kan ikkje skje før søknad om oppstart av planarbeid med grunngjeving er sendt inn og spørsmålet om igangsetjing deretter har vore lagt fram for politisk handsaming.
- ☐ Det vert ikkje rådd til oppstart av planarbeid, jf. pbl § 12-8, 2. ledd, fordi:
Forslagsstillar kan krevje planinitiativet førelagt bystyret til endeleg avgjersle.

1.8 Plantype

- ☒ Planen skal utarbeidast som detaljregulering, jf. § 12-3.
- ☐ Planen skal utarbeidast som områderegulering, jf. §12-2. (kommunen har ansvar for gjennomføring av planarbeidet, ev. kan det inngåast avtale med private om å stå for heile eller deler av det planfaglege arbeidet innafor dei rammer kommunen bestemmer, og dekke kostnadene ved dette heilt eller delvis).

1.9 Drøfting i møte

Statens vegvesen har i møte presentert prosjektet, og vist til gjennomførte undersøkingar i planområdet, kva desse avdekkjer og omsyn ein må ta. Vidare har dei lagt fram ein førebels framdriftsplan for prosjektet.

Kommunen har sett på om det er nokon organisasjonar som vi synes bør varslast ved oppstart, og har ingen konkrete forslag som vi synes bør varsels.

Kommunen orientere om planen på interne møte, planmøte og arealforum:
Nokre innspel frå møte, er at det bør sendast varsel (ved oppstart) til eigarar av eigedomane langs Førsvegen, då deira tilkomstveg vert påverka av ny vegstrekning.

Vidare bør ein ta omsyn til, og omtale, ein eventuell framtidig sykkelveg langs Håheimsvatnet. (kartlagt friluftsområde, grønnkorridor Fossheim- Grungen)

SVV ønskjer å jobbe parallelt med prosjekteringsfase.

Viser til ei gjennomføringsplan for 2026-2036, der Grungen bru er prioritert tiltak.

Statens vegvesen har søkt om handsaming etter **plan- og bygningslova § 3-7.** «Overføring av planforberedelsene til statleg eller regional myndigheit» Basert på det som vart lagt fram i møte, og etter interne vurderingar kan ikkje kommunen sjå at det er forhold som talar imot ei slik handsaming.

Ei eventuell ansvarsfordeling mellom Statens vegvesen og Sunnfjord kommune

Aktivitet	Statens vegvesen	Sunnfjord kommune
Arbeidsopplegg for å sikre informasjon og medvirkning gjennom planprosessen	X	
Varsel om planstart, kunngjering i avis kommunen legg i tillegg ut på si heimeside	X	Kommunen kommer med evt. innspel
Varsel om planstart, brev til berørte mm.	X	
Informasjonsmøte - Varsel om planstart	X	
Utarbeide planforslag med naudsynte utgreiingar	X	
Planforslag gjerest tilgjengelig hos www.vegvesen.no og Sunnfjord@kommune.no	X	X
Sende planforslaget på høyring og off. ettersyn til berørte grunneigarar, andre off. myndigheiter og interessenter, jf. § pbl. § 3-7. SVV stiller på orientering til formannskapet før SVV legg plan ut til off. høyring.	X	
Informasjonstiltak – Høyring og off. ettersyn av planforslag.	X	
Merknadshandsaming etter høyring/off. ettersyn av planforslag. - merknader til plan skal sendast direkte til SVV - gjennomgang av innkomne merknader ilag med kommunen - handsamar merknader – orienterer kommunen	X	X
Justering av planforslag etter høyring og off. ettersyn.	X	
Vedta planen		X
Kunngjere og varsle planvedtak		X
Handsaming av klage/motsegn Statens vegvesen må få anledning til å gi sine kommentarar til eventuelle motsegner/klager før kommunen handsamar desse.		X

2. Viktige tema for utgreiing i planarbeidet

Viktige tema som føreset særskild utgreiing/vurdering av forslagsstillar.

Det vert m.a. vist til kommuneplanen sin arealdel § 1.6.

Med fokus på tema der kommunen har konkrete krav eller anbefalingar, er skeptisk eller tema som krev utgreiingar eller avklaringar.

Skrift i parentes er døme på tema/vurderingar som kan kommenterast nærare i merknadskolonnen. Her kan kommunane også skrive inn kommentarar knytt til tema, t.d. lovkrav eller føresegnar/retningslinjer i kommunale planar og vedtekter som skal leggjast til grunn

Generelt

Generelle vurderingar Planarbeidet er eit punktutbetringstiltak som har som føremål å betre trafikksikkerheita og framkoma på E39 ved etablering av ny bru ved Grungen. Føremål (er areal og lokalisering eigna for føremålet?) Lokaliseringa vert vurdert som eigna for føremålet, etter det som vert presentert i møtet.
--

Planområdet

Generelt vert framtidig utvikling av infrastrukturen knytt til den nye brua vurdert som positiv for trafikksikkerheita på E39. Alternativ lokalisering er vurdert tilpassa omgjevnaden og med de omsyn ein må ta til bla. til den gamle steinkvelvsbrua, ei bru med høg kulturhistorisk verdi, bygningar lang veg og kollektivhaldplass.
--

Bygnad og bygnadsstruktur

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bygnad og byform (Er utforming og byggehøgder i høve terreng og landskap vurdert?)	☐	☒	
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	☐	☒	
Bygnadsstruktur	☐	☒	
Fjernverknad, nærverknad (plassering i terreng, terrengformasjonar)	☐	☒	
Utnyttingsgrad (type, volum, eksisterande nærområdet)	☐	☒	
Terreng (Vurdering av bygnad i høve eksisterande terreng, endring av terreng, verknad)	☐	☒	
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	☐	☒	
Energiløysingar (energiforsyning –fjernvarme, vassboren varme, fornybar energi, passivhus, plussbus, takform, plassering/klima)	☐	☒	

Bruksføremål

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bustader/fritidsbustader	☐	☒	
Næring/handel/kontor	☐	☒	
Kollektivknutepunkt	☐	☒	

Grønstruktur og landskap

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial, omdisponering, arealtap, konflikter)	☒	☐	«Vegen går gjennom dyrka mark på deler av strekninga og vil påverke dette i nokon grad. Gjennom planarbeidet vil også verknadane på dyrka mark bli synleggjort og avbøtande tiltak bli vurdert. Det er vidare ikkje registrert andre viktige naturressursar som blir påverka eller fell innanfor planområdet».
Biologisk mangfald (skal kommenterast i alle saker, jf. naturmangfaldlova)	☒	☐	Framande artar som t.d. parkslirekne må registrerast og ev. tiltak.
Grønstruktur (samanhengande soner til eksisterande grønstruktur, sjø og vassdrag)	☐	☐	
Friluftsliv (verdi, dagens bruk, potensial, stiar, grønkorridor)	☒	☐	Fossheim-Grunen kartlagt viktig friluftsområde, for fottur, bading, fiske, sykkel. Området går delvis inn i planområdet.
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	☐	☒	
Terrengbehandling og massebalanse	☐	☐	
Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	☐	☒	
Park, friområde o.l. som skal vere til allmenn bruk.	☐	☒	

Samferdsle

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Trafikk (type trafikk, veg-/gatestandard, kryss, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport, byggegrense)	☒	☐	
Trafikktryggleik (skule/barnehage, leike-/opphaldsareal, busshaldeplass, servicefunksjonar, utrykkingskøyretøy)	☒	☐	Bør omtale busshaldeplass.

Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	☐	☒	
Fortau, gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	☐	☒	
Kollektivtrafikk (avstand, busslommer, tilgjenge for alle)	☒	☐	

Born og unge

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	☐	☒	
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	☒	☐	Skuleskyss
Leike- og opphaldsareal (storleik, type, kvalitet, trafikktryggleik, tilgjenge for alle, årstider, rekkjefølgjekrav)	☐	☒	

Verneverdige kulturminne

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kulturminne (enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda, SEFRAK)	☒	☐	steinkvelvsbru frå 1980 som har høg kulturminneverdi. Trondheimske postveg
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	☐	☒	
Kulturlandskap	☐	☐	«Det er ikkje registrert verdifulle landskap, heilskapelege kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket eller kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse»

Risiko og sårbarheit

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (jf. DSB sin rettleiar)	☒	☐	
Forureining (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	☐	☐	
Støy (Jf. T-1445, sone, type, skjerming)	☐	☒	Analyse med ev. framlegg til tiltak skal ligge ved planframlegget.
Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering)	☒	☐	Har hatt grunnboring
Flaum (lågtiliggande område, elv /bekkefar)	☒	☐	Omtalast
Lokalklima (vind, sol/lys, nedbør)	☐	☒	
Samfunnstryggleik (Eksplisjonsfare, farleg stoff, elektromagnetisk felt, ulykke, utrykking)	☐	☒	

Brann (tilkomst, stige bil m.m.)	☐	☒	
----------------------------------	--------------------------	-------------------------------------	--

Nærmiljø

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn, støy)	☐	☒	
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	☐	☒	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar på trafikkssikkerheit	☒	☐	
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafikkssikkerheit, riggområde)	☒	☐	Bør omtalast- «Det er planlagt ei delvis ny vegstrekning og ny plassering av bru. I anleggsperioden vil eksisterande bru vere i drift. Denne skal sikre framkome for både mjuke trafikantar og køyretrafikk i anleggsperioden slik situasjonen ser ut i dag. Tiltaket vil i avgrensa grad påverke nærliggande område gjennom støy, redusert framkome og anleggstrafikk».

Helse

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK17 og Norsk standard gjeld)	☐	☒	
Kriminalitetsførebyggjande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	☐	☒	
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	☐	☒	

Sjø og vassdrag

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vassdrag (byggegrense, bekk/elv, nedslagsfelt, 100-m belte, økologisk tilstand)	☒	☐	Har vert gjort hydrologiske undersøkingar. «I vann-nett har denne vassførekomsten god økologisk tilstand i tråd med det fastsette miljømålet.»
Sjø (byggegrense, naust, hamn, økologisk tilstand)	☐	☒	
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	☐	☒	

Status i vassdirektivet (vassressurslova)	☒	☐	Bør gå fram av utgreiinga om tiltaket er vurdert etter vassforskrifta om ny plan medfører inngrep i vassførekomsten
---	-------------------------------------	--------------------------	---

Kommunaltekniske anlegg

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vatn og avløp, (kommunen sin VA-norm, forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg, forureiningsforskrifta, kapasitet på eksisterande anlegg, uttale frå VA-etaten, utbyggingsavtale)	☐	☒	Overvatn reknast i høve prognosar som for Sandsli med 40% klimapåslag og med 200-års gjentaksintervall.
Overvasshandtering (handtering av overvatn)	☐	☒	Lokal forskrift, overvatn leiast til kommunal leidningsnett. Ikkje infiltrasjon.
Renovasjon (areal, teknisk løysing, lokalisering)	☐	☒	Sjå forskrift til Sunnfjord miljøverk og <u>retteleiar</u>
Kommunal overtaking tekniske anlegg	☐	☒	
Sløkkjevatn (utstyr)	☐	☒	

Reguleringsføresegner

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Rekkefølgekrav (aktuelle, sannsynlege)	☐	☒	
Utbyggingsavtalar (pågåande arbeid)	☐	☒	
Økonomiske konsekvensar for kommunen (bygging og drift av vegar, VA-anlegg, skular, barnehagar, uterom, leikeareal .Omtale av anlegg som skal vere offentlege, kommunal eigedom og drift.)	☐	☒	

Kart

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	☒	☐	
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning)	☒	☐	
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubebygde tomter, heile delområde)	☐	☐	

Prosess

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	

Behov for tiltak utover lovens minstekrav (høyringsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	☐	☒	
Undervegsmøte	☐	☐	Ved behov
Parallell sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	☒	☐	Vil gjennomføre parallell reguleringsplan og prosjekteringsfase

3. Varsel om oppstart av reguleringsarbeid

- ☒ Forslagsstillar er gjort kjend med at forslag til plangrense, SOSI format, skal sendast til kommunen for kontroll og ev. justering før melding om oppstart.
- Varselet skal innehalde:
- Oversiktskart der planområdet er markert (jf. pbl §12-8 siste ledd)
 - Kart 1:1000 – 1:5000 med planavgrensing
 - Kort orientering om eksisterande og framtidig planstatus og føremål med planen
 - Referat frå oppstartsmøte
 - Varsling om ev. parallell handsaming av rammesøknad (jf. pbl § 1-7, føresettt at planen er i samsvar med overordna plan)
 - Ved planframlegg med krav til konsekvensutgreiing skal planprogrammet leggast ut til høyring samstundes med varslings av oppstart av planarbeid

4. Krav til innlevert planforslag – innhald og materiale

- ☒ Plankart, jf. "forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister", 01.07.09, § 9, nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister.

Plandata skal leverast på separate SOSI-filer for kvart vertikalnivå. SOSI-kontroll skal vere gjennomført. Siste versjon av programvara SOSI-kontroll frå Kartverket skal nyttast. Kontroll-fil i txt-format leverast (ei tekstfil for kvar SOSI).

Plandata skal ha same geometri som kartobjekt framstilt på PDF-versjonen av plankartet. Geometriobjekta skal konstruerast etter geometriske prinsipp og skal kunne nyttast som eintydige stikningsdata.

Kurver skal konstruerast med radius slik at overgangar mellom rettlinje og bue eller mellom buer tangerer.

I tillegg til nytt plankart i pdf skal det også vere eit vedlegg som viser nytt planframlegg i høve gjeldande reguleringsplanar som grensar til området.

- ☒ Reguleringsføresegner (jf. pbl § 12-7 (uttømmmande)). Leverast i word- og pdf-format.
- ☐ Planomtale (jf. pbl § 4-2, skal omtale planen sitt føremål, hovudinnhald og verknader, samt planen i høve rammer og retningslinjer som gjelder for området).
- ☐ Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. pbl § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. Sjå DSB sin rettleiar om «Samfunnsikkerhet i arealplanlegging» og NS 5814 1 «Krav til risikoanalyser».
- ☒ Innkomne merknader og uttalar (med notat som oppsummerer og kommenterer desse. Skal inngå som ein del av planomtalen).
- ☐ Rammesøknad (dersom samtidig handsaming av plan- og byggesak jf. pbl § 1-7).
- ☐ Kopi av varselbrev og annonsetekst
- ☐ Viktige tema for denne planen, jf. kap. 2 i referatet. I utgangspunktet skal alle tema vere med i planomtalen. Dette for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante og kva tema som er relevante og dermed må følgjast opp vidare i plankart og føresegnar

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllende informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

5. Vidare framdrift

- ☐ Tiltaket utløyer krav om utbyggingsavtale. Skal avklarast slik
- ☐ Avgrensing av området er gjennomgått. Kommunen si tilråding:
- ☐ Ev. revidert planavgrensing skal sendast kommunen etter oppstartsmøtet.
- ☐ Forslag til namn på planen skal sendast kommunen etter oppstartsmøte, og kommunen tildeler planident.
- ☐ Det er ikkje tilfredsstillande kartgrunnlag i området og forslagsstillar må sørgje for å utarbeide naudsynt kartgrunnlag tilpassa planen før planforslaget kan utarbeidast (høgdekoter, bygningar m.m.)
- ☐ Plangrensa skal følgje heile/deler av oppmålte eigedomsgrenser. Eksisterer ikkje oppmålte eigedomsgrenser, skal forslagsstillar så langt det er naudsynt sørgje for å klårleggje desse i samråd med naboar.
- ☐ Forslagsstillar er gjort kjend med rettsverknad i pbl. sin § 12-4 der det heiter:
«Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering.»
- ☐ Det er ønskeleg med «undervegsmøte» kor ev. innkomne merknader og uttalar, og forslagsstillar sine førebelse skisser og framlegg vert gjennomgått.
- ☐ Kartdata og naboliste (adresseliste) må tingast av forslagsstillar t.d. gjennom e-torg. Liste over offentlege høyringsinstansar kan tingast hjå kommunen (adresseliste).

Dokumentasjon kan sendast kommunen via Sunnfjord kommune si nettsida via [eDialog](#)

Eller på postadresse: Sunnfjord kommune, Postboks 338, 6802 Førde

- ☐ Framdriftsplan
Overordna framdriftsplan.
Kommunen skal ha tilsendt varsel om oppstart seinast 1. måned etter oppstartsmøte.
- ☐ **Stadfesting og atterhald**
 - *Vi gjer merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.*

Stad og dato: Sunnfjord, 02.06.2026

For kommunen: Sofie Maria Bergström
For tiltakshavar:

Referat godkjent og kopi motteke

Med helsing

Sofie Maria Bergström
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi:

Vedlegg:

Mottakarar:

Statens vegvesen Leikanger
Kontorsted

Askedalen 4

6863

Leikanger